

NotatDato: 25.02.2016
Arkivsak: 2015/7739-64
Saksbehandlar: rutornh

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedk. bibliotek og e-bøker

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå Utval for opplæring og helse 11.februar 2016 der Tor André Ljosland etterlyste svar på følgjande spørsmål som var reist 10.11.2015:

«Er fylkesbibliotekets e-bøker tilgjengelig for utleie på Bergen kommunes bibliotek? Hvis nei, hva kan gjøres for å få dette til?».

Fylkesutvalet vedtok i april 2013 (sak 120/13) at fylkeskommunen bør ta på seg ei utviklar- og koordineringsrolle for å sikra innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker i biblioteka, uavhengig av kommunestorleik og ressurstilgang. Det blei etablert eit konsortium for e-bøker for folkebiblioteka og dei vidaregåande skulebiblioteka i Hordaland utanom Bergen. Konsortiet består av ei felles teknisk utlånsløyising og ei felles samling av e-bøker som fylkeskommunen har kjøpt inn. Alle som har lånekort ved eitt av biblioteka som er med i ordninga har tilgang til e-bøkene i den felles samlinga frå 21. januar 2014. Fylkeskommunen investerte i den tekniske løyisinga, organiserer og administrerer konsortiet, medan biblioteka sjølv dekker driftskostnader.

I prøveperioden i 2014 og 2015 har fylkesbiblioteket kjøpt inn e-bøker til samlinga. I 2015 vart det lyst ut eit anbod på teknisk utlånsystem, noko som førte til bytte av system frå BS Weblån til eBokBib frå 11. februar 2016. Frå 2016 går folkebiblioteka inn med 3% av mediebudsjettet sitt til innkjøp av e-bøker til den felles samlinga. Fylkesbiblioteket står framleis for kostnaden til innkjøp til skulebiblioteka i dei vidaregåande skulane.

Då konsortiet vart danna i 2013 vart Bergen Offentlige Bibliotek invitert med på lik linje med dei andre folkebiblioteka i fylket, men valde å ha si eiga samling av e-bøker. Bergen har fram til 2016 nytta ei anna teknisk løyising for utlån enn det konsortiet har hatt. I samband med utlysing av anbod på ny teknisk løyising vart Bergen Offentlige Bibliotek igjen invitert til å vere ein del av konsortiet. Biblioteket i Bergen takka ja med opsjon på å tre inn i avtalen ut 2016. Dersom dei nyttar opsjonen, vil eventuelt Bergen si samling av e-bøker bli tilgjengeleg for alle innbyggjarane i fylket, og konsortiet si samling av e-bøker vil bli tilgjengeleg for innbyggjarane i Bergen.

Fylkesrådmannen viser elles til vedtak i Kultur- og ressursutvalet i januar 2015 (PS 12/2015): Hordaland fylkeskommune er tildelt 5 lisensar på e-bøker frå Norsk Kulturråd som skal vidarefordelast på dei to løyisingane for utlån av e-bøker i folkebiblioteka i fylket. Hordaland fylkeskommune fordeler lisensane slik at Bergen kommune får 2 lisensar, og konsortiet for dei 32 andre kommunane i fylket får 3 lisensar.